



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Søknad om tilskot.

Bystien Førde Opp/NM motbakke 2020 – med NM-veke.

Bakgrunn

Bystien Førde Opp er ein folkefest, motbakkeløp og eit folkehelseiltak.

Over 1000 barn i alderen 0 – 15 år deltek saman med voksne. Tilsaman er fleire tusen menneskje i sving, anten som deltakarar i løpet, eller i folkefesten.

Deltakartal i Bystien Førde Opp ligger på 15-1700, i tillegg kjem alle tilskodarane i løypa og ved Rådhuset.

Dette, og at Førde Idrettslag feirar 100 års-jubileum i 2020, er grunnen til at vi er tildelt Noregsmeisterskapen i motbakkeløp i 2020.

Vi ynskjer å bruke dette høvet til å **skape eit stort synleg arrangement.**

Posisjonere nye Sunnfjord kommune, og Sogn og Fjordane i nye Vestland fylke.

29.august 2020 er den nye babyen Sunnfjord kommune 8 månadar gamal. Snart klar til å ta sine første steg ut i den vide verda, eller i alle fall ut i det nye Vestland fylke.

Vi er av den oppfatning at jamnleg med profilerande arrangement er eit av grepa ein kan ta for å posisjonere seg, og gjere seg synleg i det nye storfylket. Det er også eit grep som er mogleg å gjere, og relativt «lett» å ty til.

Men det kjem ikkje av seg sjølv, og for dei største, mest profilerande, er det naudsynt at det offentlege, næringslivet, organisasjonane og folket gjer det i lag.

Ei NM-veke med handel, lokalmat, konsertar og opplevingar.

Sunnfjord vert ein av dei sterkaste landbrukskommunane på Vestlandet, har mange dyktige bønder, og eit rikt antal produsentar av lokalmat.

Sameleis har Sunnfjord historisk vore flinke til å få fram kokkar som har hevda seg både nasjonalt og internasjonalt.

Sogn og Fjordane var tidleg ute, og har eit høgt tal bønder som produserer særmerkte lokalmatvarer. Det betyr at vi legg opp til ei NM-veke med utstillarar, serveringstelt, foredrag og mykje meir. Har også fått signaler på at riksidekkjande TV vil vere tilstades under NM.

- Fokus på primærnæringane og lokalmat i samarbeid med Coop Vest, Arne Brimi og Arne Hjeltnes.
- Stort lokalmattelt på ei stengd Langebru kan vere basen, og saman med handelsstanden lage ei NM-veke frå onsdag til laurdag.
- Program med foredrag, festmiddag, dans og konsertar på Scandic Sunnfjord Hotel

Folkehelse, med fokus på barn og unge.

Det andre temaet vil naturlegvis vere folkehelse, og med Bystien Førde Opp sitt fokus på barn og ungdom er det den naturlege innfallsvinkelen.

Stikkord kan vere:

- Idrettsglede og folkehelse, spesielt for barn og unge.
- Fokus på born og unge. Fram til 2019 er det berre skulebarn i det som blir Sunnfjord kommune som har vore invitert. I 2020 ynskjer vi å invitere naboane i Fjaler, Askvoll, Flora og Gløppen.
- I samarbeid med vår sponsor Høgskulen på Vestlandet, skal vi lage temaforedrag om det positive med fysisk aktivitet for born og unge
- Idrettsprofilar på besøk for å inspirere barn, unge og voksne til meir aktivitet. På ynskjelista står Tiril Eckhof og brødrene Bø frå skiskyttarlandslaget, Terese Johaug frå Langrenn, og i tillegg dei lokale motbakkeheltane Eli Anne Dvergsdal, Karoline Holsen Kyte, langrennsprofilen Gøran Tefre og langdistanseløpar Marius Vedvik.

Eit NM kostar litt ekstra.

Friddrettsforbundet ynskter å legge NM til Førde i samband med Førde IL sitt 100 årsjubileum. Men samstundes ynskter dei seg ein anna trase. Det betyr at vi får ekstra utgifter til arena, då det tradisjonelle Bystien Førde Opp, går nettopp opp Bystien. Men NM traseen vil gå austover langs e-39 til Bruland, og så opp gamle grusvegen til toppen.

Det vil også vere andre ekstra utgifter til sermoniar, premiering mm.

For å kunne lage eit arrangement i denne storleik er vi avhengig av partnerar som stiller opp, og at det vert avklara i løpet av 2019.

Med bakgrunn i dette søkjer vi om 300.000.- i tilskot til arrangementet, med utgangspunkt i vedlagt budsjett.

Førde 20.august 2019

Med helsing

Bjørn Kjønås

Leiar arrangementskomiteen

Tom Farsund
Koordinator